



Det blir no arbeid med ein konsesjonssøknad for Børsdalen-prosjektet.

Aktiviteten innan utbygging av små kraftverk i Kvinnherad har auka svært dei siste åra og ei oppteljing viser totalt over 40 prosjekt, opplyser saksbehandlar Arne Handegard i kommunen i ei høyringsfråsegn til fylkeskommunen.

Det skal lagast ein fylkesdelplan for små vasskraftverk og Kvinnherad signaliserar at dei vil delta aktivt i dette planarbeidet..

Også Uskedalen er no med på lista, gjennom prosjektet som grunneigarane og SKL er saman om i Børsdalen. Derimot ligg Tverrelv-prosjektet på is.

Handegard skriv at det i det høge talet ligg også nokre eldre kraftverk, men dei fleste er enten under planleggjing, under utbygging eller nyleg sette i drift. Utfrå topografien i Kvinnherad er det ventande at fleire prosjekt vil komma, kanskje avhengig av sentrale tilskotsordningar og prisutvikling, skriv saksbehandlaren.

Kommunen ser i utgangspunktet positivt på utnytting av vasskraftressursane til små kraftverk når det ikkje fører til særlege ulemper. I fleire konsesjonssøknader vert det likevel bedt om at NVE set særskilte krav til dømes til minstevassføring, kabling av kraftlinjer og anna.

Etter kvart har kommunen utvikla god kompetanse og rutinar for si behandling av kraftverksaker, men det er framleis ønskje om ei vidareutvikling av rutinane. Ei viktig problemstilling no er kva formell status fylkedelplanen skal ha. Det bør avklarast før planarbeidet vert sett i gang eller i alle høve før planbehandlinga startar, held Handegard fram.

Viss ikkje dette er avklara vil det ikkje vera overraskande om ulike interessegrupper legg ulike tolkningar i planen og bruker den på høgst ulike måtar.

Av Ola Matti Mathisen

